


Mitt Nabolag – Christian Stejskal

Onsdag 6. april kl. 19:30

i Vikebygd kyrkje.

Dette er eit arrangement som er knytt opp til Misjonsprosjekta som Skjold og Vikebygd kyrkjelyd jobbar med. Vi kan by på ei framføring med gripande bilder, sterke uttrykk og vakker musikk.

Forestillinga varer i 90 minutt. Kollekt/inngangspengar. Kaffisalg i pausen.



Zebaleenarprosjektet

Ein mann si reise, 7.000 km til fots frå fødebyen hans i Wien, til Kairos Garbage City. Livet hans mellom Zabaleenarane - byens kristne søppelarbeidarar, gjennom Egypts 2011 revolusjon og dei påfølgjande åra i politisk og regional kaos og turbulens.

Christian Stejskal fortel om dobbeltlivet mellom heimen sin hos søppelarbeidarane og arbeide hans som fiolinist i orkesteret ved Operaen i Kairo.

Zebaleenarane var spesielt i internasjonale medier sitt søkelys i 2009 då den Egyptiske regjeringa tok den kontroversielle avgjerda om å slakta Zabaleenarane sine 350.000 griser, heile livsinntekta deira, under utbrotet av den internasjonale svineinfluensaen.

Ved bruk av forteljingar, fotografiar, video-vignettar, arabisk musikk og koptiske songar spela på fiolin, tar Christian Stejskal publikum med på ei reise gjennom livet til sju forskjellige menneskeskjebnar i Kairos søppelområde – deira gleder og personlege prøvingar, tragediar og livets små triumfar.

Arrangør: Kulturutvalet, Skjold og Vikebygd sokneråd